

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Bymuseet i Bergen
Postboks 4052 Sandviken
NO-5835 Bergen
Tlf. 55 30 80 30
post@bymuseet.no
Org.nr. 988 212 024 MVA
www.bymuseet.no

Bergen, 1. juli 2020

J.nr 202/14

Tilskot til ålmenne kulturformål – rapport frå tiltak «... og den arven du har gitt oss kan vær tung å ta med sæ»

Vi viser til dykkar brev av 19.05.2014, og takkar for tilskotet på kr 10.000.- til vårt arrangement. I følgje vilkåra for tilskotet skal vi levere rapport innan 6 veker etter arrangementet. Ettersom vårt arrangement gjekk av stabelen før søknaden vart handsama i Kultur- og ressursutvalet tek vi utgangspunkt i at vi kan rapportere innan 6 veker etter stemplingsdatoen for tilsagnsbrevet.

Seminaret gjekk av stabelen 14-15 mars i år, og hadde 86 deltakarar frå heile landet. Av desse var representantar frå fem av dei konsoliderte musea i Hordaland, og også Universitetsmuseet i Bergen var godt representert. Dag 2 av seminaret var sett av til arbeid i grupper for å finne gode metodar for verdivurdering av museumsgjenstandar med tanke på utprøving av utkastet til nasjonale retningslinjer for prioritering og avhending. Også her var det mange deltakarar. Fire museum har meldt seg til eit samarbeid med Bymuseet om konkrete verdivurderingsprosjekt, og vi planlegg ei oppfølgjande samling for desse musea på nyåret.

Vedlagt ligg rekneskap for arrangementet. Dersom de ønskjer ein revidert rekneskap ber vi om å få melding om dette. Seminaret gjekk med eit underskot på kr 3 292,-. Vi er takksame for at Hordaland fylkeskommune har interesse for det viktige fagfeltet som seminaret tok opp.

Vennleg helsing

Anne Bjørke
Samlingsleiar

Heidi Seilfaldet
Prosjektleiar

Vedlegg: rekneskap for seminaret

Resultat seminar

Seminar i mars	Inntekter	Kostnader
Inntekter seminaravgift	52 600,00	
Tilskot HFK	10 000,00	
Beverting seminar mm		17 050,00
Honorar O.M. Hylland		15 325,00
Honorar T. Eeg		3 000,00
Reisekostnader Luger		5 534,00
Reisekostnader Holland		3 985,00
Reisekostnader pr.gruppa		3 940,00
Hotell foredragshaldarar		5 722,00
Leige auditorium		10 000,00
Gåver foredragsholdarar		1 336,00
	62 600,00	65 892,00